



Miljødirektoratet
Pb 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5767 - 14/23535

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.10.2014

Dispensasjonssak på høring - etablering av avlaupsreinseanlegg for to hytter - gbnr 84/11 og gbnr 84/12 Kvalvågnes.

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve frå to hytter på gbnr 84/11 og gbnr 84/12 på Kvalvågnes. Avlaupet frå eigedomane skal reinast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før avlaupet vert ført vidare til jordbruksgrøft som går til vassdrag/sjø. Reinsegrada er oppgitt til 90 % reduksjon av fosfor og 90 % reduksjon av BOF5, dvs som for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser

Det er søkt om dispensasjon, utsleppsløyve og etablering av tiltaket etter pbl § 20-1. Tiltaket er nabovarsla, men vi ser at varselet til eigedomen gbnr 84/1 er send Bergen og Omland Friluftsråd og ikkje heimelshavar som er Miljødirektoratet. Saka vert difor også send på høring til Miljødirektoratet.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som vert omfatta av Kommuneplan 2003. Området er avsett til LNF-føremål. Ny kommunedelplan for området er under arbeid. Tidspunkt for ferdigstilling er usikkert.

Eigedomane grensar i sørvest til gbnr 84/1 som er sikra til friluftsføremål. Sjølve anlegget ligg i sin heilskap utanfor dette området, men det reinsa avlaupet frå anlegget skal førast til jordbruksgrøft som drenerer til vassdrag/sjø innanfor det sikra friluftsområdet.

Omsøkte tiltak er avhengig av dispensasjon frå arealdelen i Kommuneplan 2003 og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet, pbl § 1-8, for å kunne godkjennast.

Vi ber om uttale innan 18.11.2014.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Vedlegg:

img-822153241-0001

Biovac

Søknad om utslepp - gbnr 84/11 Kvalvågnes

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 84/11 og 12 Kvalvågnes - montering reinseanlegg

Nabovarsel

Ansvarsrett

Situasjonskart

Gjennomføringsplan

Kart gbnr 84-11 og 12 KP 1000

Kart gbnr 84-11 og 12 KP 5000

Ortofoto 2012 gbnr 84-11 og 12

Kopi til:

Karen Hella	Bønesheiane 124	5154	BØNES
Nils Kvalvågnes	Kvalvågnesvegen 681	5956	HUNDEVIN
Stendal VVS AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND

Mottakrar:

Bergen og omland friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Pb 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Pb 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Pb 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM